

Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

Møte 3 - 2026

Tidspunkt: 12. mai, 2026, kl. 09.00 – 12.00

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

Til stades: Endre Brunstad (leiar), Kjetil Børhaug (SV), Christian Sæle (HF-AHKR), Myriam Coco (HF-IF), Ragnhild Lie Anderson (HF-nordisk), Matthias Stadler (NT), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Rolf Ivar Bøe (studentrepresentant), Ranveig Lote og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)
Observatør: Vibeke Tellmann (fagleg praksisleiar)

Meldt forfall: Martin Sjøen (PF), Monica Håkonsli (VLFK), Thashany Pratheepan og Anders Taraldsen (studentrepresentantar)

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 24. mars

Protokollen blei godkjend.

Saker til eventuelt:

1. Digitalt støttesystem for praksis
2. Siste møte 16.juni
3. Nye emneplanar for didaktikk vår 2028

Vedtakssak

Sak 16/26 Innspel om rammeplanutkast

Med bakgrunn i prinsippet om at rammeplanarbeidet ikkje skulle inneber strukturelle endringar støttar felles programstyre framlegg til innspel om rammeplanutkast.

Programstyret ber samstundes om at avsnittet om digitale verktøy blir formulert tydelegare.

Vedtak

Felles programstyret vedtok at utkast til innspelstekst om rammeplan-utkast skal danne grunnlag for UiB sitt innspel til Kunnskapsdepartementet om utkast til rammeplan.

Sak 17/26 Lektorutdanningskonferansen 2027

Lektorutdanningskonferansen er ein av fleire møteplassar UiB har med praksisfeltet. Konferansen er samstundes den største og breiaste møteplassen med partnarskulane våre, og på den måten utgjør den ei felles referanseramme.

Medlemmene i programstyret er samde i at det er viktig å definere profilen og målet med konferansen, og at eit overordna mål er å betre lektorutdanninga. Det bør jobbast for å rekruttere deltakar også frå disiplinfagmiljøa.

Det kom innspel om at gruppearbeid og informasjon som kjem fram under konferansen bør følgast opp systematisk, til dømes med evaluering/rapport til programstyret.

Innspel til tema som kom fram under møtet:

- Ny rammeplan
- Studiefag vs skulefag
- Lektorutdanningsidentitet under utdanninga, kor 230 av 300 studiepoeng er knytt til disiplinfag
- Overgangar mellom ungdomskule og vgs, og mellom vgs og universitet.
- Lektorar i møte med yrkesfaglærarar og yrkesfagelevar

Vedtak

Programstyret vedtar at lektorutdanningskonferansen ved UiB i 2027 skal gjennomførast i veke 8, og tar med seg innspela til tema i det vidare programarbeidet.

Lektorsenteret vil ta kontakt med både fakulteta og skular for representantar/medlemmer til programkomiteen.

Orienteringssak

Sak 19/26 Søkartal til lektorutdanninga 2026

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 20/26 Lærernes dag 2026 - evaluering

Denne saka vart det ikkje tid til, men presentasjonen blir send ut til medlemmene i etterkant av møtet.

Sak 21/26 Vidareutvikling av organisering av lektorutdanninga

12.03.26 handsama Universitetsstyret [sak 23/26 om vidareutvikling av modellen for organisering og koordinering av lektorutdanninga](#). Det er styringsgruppa som har fått det overordna ansvaret for å følgje opp rapporten, og saka vil bli tatt opp i laupet av hausten.

Sak 22/26 Eventuelt

1) Digitalt støttesystem for praksis

Kvalitet i praksis er eit prioritert område og ved UiB føregår det no ei utgreiing av grunnlaget for å få etablert et digitalt støttesystem for fagleg og administrativ oppfølging av praksis i lektorutdanninga ved UiB. Systemet må kunne støtte samhandling UiB og

skulane, og mellom studentar, praksisrettleiarar i skulen og undervisarar ved UiB. Brukargruppene vil vere studentar, praksisrettleiarar, UiB-undervisarar og administrativt personell.

Per i dag er lektorsenteret i utredninga av ein anbod saman med Det medisinske fakultet for å kartlegge om det finns grunnlag for eit felles system.

2) Siste møte 16.juni

Det er behov for å gjennomføre eit siste møte i felles programstyre før sommaren, 16.06, Møtet treng berre vere ein time. Det er ynskjeleg å kombinere møtet med lunsj og det vil bli send ut «doodle» for å stadfeste nytt klokkeslett; kl. 11.00-12.00.

3) Nye emneplanar for fagdidaktikk vår 2028

Representant frå lektorprogrammet i nordisk stiller spørsmål omkorleis temaet *tilpassa opplæring* bør innlemmast i dei nye emneplanane. Det er semje i programstyret om at dette kan meldast inn til prosjektgruppa for redesign, som har møte kvart semester for å evaluere og vurdere implementeringa av ny studiemodell.